

Riksantikvaren  
postmottak@ra.no

26.06.2024

## Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap sitt høyringsinnspel til Riksantikvaren sitt forslag om bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø

Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap (Kulturlandskapsnettverket) er eit nettverk mellom museum og institusjonar i Noreg med føremål om å utvikle musea sitt arbeid med kulturlandskap. Det landbruksbaserte kulturlandskapet er kjerneområdet vårt og vi har brei kompetanse på skjøtsel, forsking på og formidling av kulturmiljø i Noreg.

Riksantikvaren sitt forslag om bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø burde vera eit viktig styringsreiskap også for oss som jobbar i museumssektoren, og Kulturlandskapsnettverket ynskjer å bidra med innspel for å styrke forslaget ytterlegare. Vi saknar større fokus knytt til sjølve bevaringa av kulturmiljøa i bevaringsstrategien, vi saknar eit større fokus på kulturlandskap, og vi etterlyser oss sjølve – bør ikkje musea spele ei større rolle i bevaringsstrategien for landbruket sitt kulturmiljø?

### Bevaring i bevaringsstrategien

Ny bruk av bygningar vert løfta fram som eit viktig tiltak i bevaringsstrategien. Ny bruk vil sjeldan føre til bevaring av det tradisjonelle kringliggjande kulturmiljøet. Ein bygning i jordbruket har hatt ein spesifikk funksjon som heng nært saman med korleis landskapet har blitt utnytta kring bygningen. Når ein premierer ny bruk framfor å halde fram med den opphavlege bruken vil ein og legge til rette for omlegging, og i ytterste konsekvens nedbygging av det kringliggjande kulturmiljøet. I tillegg vil autentisiteten i ein bygning stå i fare for å gå tapt gjennom ny bruk, som til dømes å gjera ein fjøs i stand til å fasilitere eit festlokale eller utleige til overnatting. Dette vil heller ikkje bidra til å bevare kulturmiljøet knytt til bygningen.

I forslaget står det at ubrukte bygningar står i fare for forfall. Her lyt vi gjenta det Museums forbundet skrev i sitt høyringsinnspel<sup>1</sup> om verdien av å bevare med mål om autentisitet og ein moglegheit til å synne framtidige generasjonar noko som er autentisk og uforandra, som vidare kan synne korleis ein bygning har sett ut og hans funksjon og rolle i landbruket. Musea skjøttar og formidlar både bygg som er ute av drift men bevart slik dei stod, og fleire museum brukar bygningane sine til den opphavlege intensjonen. Eit døme er Museumssenteret i Hordaland som brukar dei aktivt i samband med gardsdrifta på Havrå, her er både bygningar og kulturmiljøet ikring ivaretake i sitt opphavlege miljø.

<sup>1</sup> <https://museumsforbundet.no/wp-content/uploads/2024/03/34.24-Horingsinspill-fra-Norges-museumsforbund-Bevaringsstrategi-for-landbruk-i-kulturmiljoer.pdf>



Vidare brukar mange friluftsmuseum gamle bygningar til sin opphavlege funksjon i eit musealt konstruert kulturmiljø der skjøtsel av både bygningane og kulturlandskapet byggjer på lokale tradisjonelle metodar for å formidle både bygningane, kulturlandskapet og skjøtselsmetodane til eit større publikum.

Kulturminnefondet støttar vern gjennom aktiv bruk, og støttar såleis ikkje grunneigarar som let ein bygning stå i sitt opphavlege kulturmiljø og tek vare på han slik han er. Vi meiner at det også må bli tilgjengelege midlar for grunneigarar så vel som andre aktørar innan kulturmiljøfeltet som ynskjer å skjøtte ein bygning med føremål om å bevare autentisiteten til denne, utan at føremålet med bygningen er knytt til næringsverksemd. Vi meiner at kunnskapsverdi og identitetsverdi knytt til kulturmiljøa bør vektleggast meir i bevaringsstrategien enn bruk av desse til nye føremål.

### Kulturlandskap i bevaringsstrategien

Sjølve kulturlandskapet knytt til landbruket får for liten plass i bevaringsstrategien under tema *Jordbrukslandskapet*. Kulturlandskapsnettverket meiner såleis at dette deltemaet må romme meir enn det noverande utkastet legg opp til, noko som òg vil vere i tråd med Stortingsmelding 16, *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*. Her vert det lagt vekt på heilskap og at kulturmiljøforvaltninga skal sjåast i samanheng, og vere ein integrert del av den øvrige klima- og miljøforvaltninga.

Bevaringa av kulturlandskapet skil seg frå bevaring av andre typar kulturmiljø ved at kulturlandskapet har behov for ein kontinuerleg skjøtsel, ofte gjennom tradisjonelle jordbruksmetodar, for å kunne bevarast. Her er det eit særstak samspel mellom dei materielle og immaterielle kulturminna som må oppretthaldast for å bevare kulturlandskapet. I tillegg må ein her ha større fokus på dei biologiske verdiene som kjem som følgje av bruken av landskapet, til dømes artsrike slåttenger, kystlyngheier, styvingstre og torvmyrer.

I bevaringsstrategien står det at det berre er 3% dyrka mark i Noreg. Ved å ta utgangspunkt i dyrka mark utelukkar ein den store majoriteten av kulturlandskapet knytt til landbruket i Noreg. I bevaringsstrategien vert utmarka hovudsakeleg nemnt i samanheng med bevaring av bygningane, men det var dyra og drifta knytt til desse som var avgjerande for utforminga og bruken av bygningane. Og kva med dei kulturlandskapet som ikkje hadde bygningar knytt til seg? I område med, til dømes, kystlynghei eller mjølkehestar utan bygningar var det beitet som i hovudsak skapa kulturmiljøa. I tråd med dette meiner vi at bevaringsstrategien bør ha tydlegare omgrepssavklaringar knytt til ulike arealkategoriar i kulturlandskap både i innmark og utmark.

Det er særleg kulturlandskap knytt til husdyrhaldet, som beitemarker og slåtteng, som er trua av attgroing. Drifta knytt til husdyrhaldet, både i innmark og utmark, var tilpassa dei sterkt varierte naturlege føresetnadane i landet. Ulike beitestrategiar og effekten av beite av ulike typar dyr skapar ulike typar kulturlandskap. Dette er ikkje nemnd i bevaringsstrategien. Korleis skal langsiglig forvalting av desse områda gå føre seg når premissane for landbruket sitt kulturmiljø i liten grad er inkludert i strategien?

Kulturlandskapsnettverket ynskjer også å løfte fram dei marginale driftsformene som vi finn spesielt på kysten men også innover i fjordane og dalane og som i dag er lite brukt. Der utnytta menneska naturressursar på ein heilt anna måte enn i dag, og skapte kulturlandskapstypar som strandenger, lyngheier, dyrking av frukt i urer, åkrar som vart etablert på kampesteinar og liknande. Kulturmiljø som del, og resultat av mangesysleriet, ynskjer vi også å løfte fram. Dette gjeld særleg koplinga mellom gardsbruk og fiske, og betydinga av jakt og sanking i fjellet.



Med nedlegginga av tradisjonelt husdyrhald, marginale driftsformer og andre små næringar knytt til landbruket mistar vi dei lokale kulturmiljøa knytt til desse. Det tradisjonelle landbruket sitt kulturmiljø skapar og held ved like lokal identitet og lokale tradisjonar knytt til handverk, kunstnarlege uttrykk og lokal matkultur – for å nemne noko, i tillegg til å ivareta eit biologisk mangfald. Det tradisjonelle landbruket var berekraftig og tilpassa lokale naturtopografiske tilhøve. I dagens situasjon med auka uvisse kring beredskap og mattryyggleik bør kunnskap om desse driftsformene, som immateriell kulturarv, få større plass i bevaringsstrategien. Musea sit på viktig og relevant kompetanse om tradisjonelle driftsformer, om å sjå og forstå heilskapen, om samanhengar og ulike verdiar i landbruket sitt kulturmiljø, og bevaringa av dette.

### Musea i bevaringsstrategien

Bevaringsstrategien rettar stor lit til frivilligheita i Noreg. Kulturlandskapsnettverket meiner frivilligheit er viktig, men at dette må vere eit supplement til fagleg forankra skjøtsel som vert organisert av ein fagleg instans. Musea vert ikkje nemnde i bevaringsstrategien i samband med forvalting av landbruket sitt kulturmiljø, og heller ikkje som kunnskapsinstitusjonar. Som garantistar for heilskapleg forvalting bør musea få ein tydelegare rolle i strategien.

Musea er posisjonert til å ta vare på kulturminne som andre ikkje ser seg i stand til, i forståinga av at vi tek vare på heilskaplege kulturminneverdiar og miljø – utan kompromiss knytt til bruk. Musea syt for kontinuitet og ivaretaking av både den materielle og immaterielle kulturarven knytt til både bygningar, fartøy og landskap, og bevaringsarbeidet er ein del av større og systematiserte planar med fagleg fokus. Musea i kulturminnevernet er òg garantistar for kunnskapsutvikling og forsking. Dei formidlar kulturminna basert på denne kunnskapen, som i tur er med på å skape interesse i samfunnet og hjå komande generasjonar. Musea har utstrekkt teknisk og fagleg infrastruktur knytt til samlingane, og eit mangfald av samarbeidspartnarar og nettverk. For å ta vare på kulturminne på ein heilskapleg måte er det naudsynt med eit samanhengande verkemiddelapparat knytt til forvalting, bevaring og utvikling av kulturmiljøa.

### Tilskot til freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Det går for tida føre seg ein debatt mellom fylkeskommunar, Riksantikvaren, KLD og KUD om Post 71 i Statsbudsjettet, dvs. tilskotsordninga «Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap», der det dei siste åra er gjeve statlege føringar om at fylkeskommunane skal prioritere private eigarar for tilskot frå post 71, og at omfanget av tilskot til museum ikkje skal auke.

Konsekvensen av desse føringane er at mellom 10 og 15 prosent av den frede bygningsmassen i fylka ikkje er berettiga tilskot til å dekke antikvariske meirkostnadar.

Jf. § 15a i Kulturminnelova skal eigar eller brukar få heilt eller delvis vederlag for utgiftsauke dersom det blir sett vilkår for dispensasjon frå fredingsføresegnehene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det frede kulturminnet. I kommentarutgåva til Kulturminnelova vert denne delen av paragrafen utdjupa;

*«Dersom det stilles vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, følger det av andre ledd at eier eller bruker skal få helt eller delvis vederlag for eventuell utgiftsøkning som følge av dette. Når det i loven heter delvis vederlag, kan eier eller bruker antakelig neppe avspises med en mindre brøkdel av beløpet. Et delvis vederlag skal normalt utgjøre minst 50 % av merutgiftene. Vederlaget må uansett være av en størrelse som er forsvarlig ut fra alminnelige økonomiske vurderinger, dvs. stå i et rimelig forhold til de kravene som stilles. Hvorvidt det kan stilles vilkår som fordyrer arbeidet, må imidlertid vurderes i lys av de midlene som budsjettmessig er til rådighet. Bestemmelsen gir eier/bruker en klar rett til å få utbetalt vederlag fra kulturmiljømyndighetene, dersom det stilles vilkår for dispensasjonen*



*som fordyrer arbeidet. Kulturmiljømyndigheten kan ikke kreve at eier/bruker skal bekoste dyre reparasjoner av fredete hus, uten at det ytes enn viss støtte fra det offentlige. Dersom mer moderne løsninger er billigere, skal kulturmiljømyndigheten, dersom det stilles fordyrende vilkår, yte eier/ bruker et tilskudd som tilsvarer helt eller delvis mellomlaget mellom den billigste løsning og den løsning kulturmiljømyndigheten krever. En forutsetning for tilskudd er imidlertid at den billigste løsning ikke er i strid med fredningens formål eller er av en så omfattende karakter at det ikke er hjemmel til dispensasjonen. Vederlaget skjer ved tilskudd fra fylkeskommunen eller Sametinget (for samiske bygninger eller anlegg). Staten overfører hvert år over hundre millioner kroner til den regionale forvaltningen, særlig knyttet opp mot §§ 15 a og 17.»*

Av sjølve lovparagrafen ligg det ikkje inne noko avgrensing i kva type eigarskap som kvalifiserer for vederlag for meirkostnadar. Avgrensinga følgjer såleis av formålsparagrafen i *forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie som seier; «Formålet med tilskuddsordningen er å bevare fredete kulturminner og kulturmiljø i privat eie og å bidra til at slike settes i stand etter antikvariske retningslinjer.»*

Mangel på offentlege tilskot til freda kulturminne eigm av musea utgjer eit trugsmål mot m.a. landbrukets kulturmiljø. Musea er ein stor ressurs i forhold til å ta vare på kulturlandskapet og bygningar med sin opphavlege utsjånad, men då er det behov for finansieringsmogleheter, både til rekonstruksjon og ikkje minst til kontinuerleg skjøtsel. Spørsmålet om alternative tilskotsordningar eller andre formar for finansiering må såleis inngå i bevaringsstrategien.

## **Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap**